

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hjörundfjord

Emne: Brynet.

Bygdelag: Inste fjorden.

Oppskr. av: Ingv. Viddal

Gard: Viddal

(adresse): Sebö i S.

G.nr. 20

Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle for det meste,

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
men og etter andre.

SVAR

1) Det vanlege ord for brynet er "Bryne" (eit) og "aa bryne". Hein vert ikkje bruka som namn for bryne, men om ein serskild fin og glatt brynestein som ein brukar til aa setje opp höveltenner o.l. med.

2)

No brukast mest berre bryne av kunst-stein, "smergel-bryne", men for omlag 20 aar sidan var det berre bryne av naturstein i bruk.

I bygda finst ingen naturleg brynestein, og ikkje i heile heradet. I eldre tider var det vanleg, serleg for hovudbygda Bondalen at dei reiste til Ullaland i Volda og henta brynestein straks för slaatten. Plassen dei tok bryna paa, viser endaa.

Seinare kom bryna i handelen, og det vart slutt med aa reise til Ullaland. Men endaa lever det folk som kan hugse at dei for dit. Det vart slutt med det for 75 - 80 aar sidan. Det hende elles at omreisande krankarar selde bryner.

3) Alle vanlege bitjarn, ogsaa höveltenner, vert fyrst slipte paa ein rund slipestein, og saa "brynte".

Höveltenner, slakteknivar o.l. vert ettrpaa "heina". Barberknivar og treskjerarknivar vert for det meste berre "heina".

4) Ingen av dei gamle eg har snakka med kan hugse at ein berre tynna ut ljaan eller anna bitjarn. Ingen hugsar anna enn at slipestein vart bruka.

5) Det fanst ingen stein ein slipte paa ved aa före reiskapen att og fram, men det var vanleg at konene gjekk ut paa troppehella og slipte "grytekniven" eller "kjökenkniven" ved aa drage han att og fram paa hella. Dette kalla dei "aa skjerpe kniven", og det har eg sett vore gjort mange gonger.

Midt framme i dalen ligg det slaattemark som er svart "hardbeitt" i solskin, og dit hende det at dei tok med smaa slipesteinar. Elles var det vanleg at ein hadde med ljaa nok for heile dagen, og det var ein nöydd til i utmarkslaatten, saa ein hadde stort lager av ljaa.

Husbonden slipte ljaarne om morgonen medan husmora laga til maten. Elvastein har vore i bruk lenger enn eg kan minnst. Dessutan hadde ein stein ved husa. Det hadde kvart einaste bruk, men elvastein kunne dei vere 2 til 4 om. Heimesteinane stod alltid under tak.

- 7) Dei nye "Carborandumbryna" har ei grov og ei finare bryneflate, og ein brukar fyrst den grove. Før var det vanleg at ein hadde med eit grovt bryne som ein bruka av og til, serleg om ljaaen hadde kome bort i stein. Trebryne er heilt ukjent av dei eg har tala med om dette, og eg har ikkje høyrt om at det har vore i bruk.
- 8) Naar nye ljaar skulle "oppslipast" (fyrste gongen), saa slipte ein dei før ein batt dei i korvet. Seinare var det alltid skikken heime at dei var paa korvet naar ein slipte. Ogsaa ved "oppslippinga" heldt ein ljaaegga mot seg naar ein slipte. Ein sat daa som vanleg under sliping. Sjölv har eg vore med paa at ein tok ljaaen av korvet naar ein slipte. Det var i Tomrefjord i Romsdalen. Der var ljaaen fest til korvet med ein jarnholk som ein dreiv fast med ein trekile. Der hadde kvar mann eit orv, og saa 2-3 ljaaar med seg. Dette er og i bruk andre stader paa Sunnmøre, men har ikkje vore bruka i Hjörundfjorden.
- 9) Langorvet vert alltid sett ned mot jorda under bryninga og saa stör ein "nakken" av ljaaen mot venstre halsgropa med ljaaodden fraa seg. Bryninga er elles ulik for kvar mann. Sume bryner odden fyrst, og sume bryner han sist. Det er fast regel etter som ein sjölv har vant seg. Stutturven vert vanleg stukken mellom beltet og kroppen eller om ein ikkje har belte, nedmed bukseliningen. Stutturven vert aldri sett mot marka. Kvinnfolka held oftast stutturvet fast mellom fötene som dei daa slaar i kross. Det er og det vanlegaste for smaagutar.
- 10) Koppen som brynet vart boren i, vart kalla "brynestokk" (ein). Dei eldste eg hugsar var av tre, og daa alltid firkanta (prismeskap). Seinare kom sylindforma brynestokkar i handelen. Men det var oftast elvar og oppkomer paa eller ved slaatteteigane, saa ein gjekk dit og blöytte brynet. Elles var det vanlegare at ein hadde ei trebytte med vatn i som alle bruka, og som ein flytte med seg for kvar skaare ein slo.
- 11) Naar horn var bruka paa bryna, saa var det oftast geitehorn, for det var beinare enn kuhorn, og saaleis lettare aa halde i. Ein spissa daa brynet til i eine enden, og dreiv det fast i hornet. Dette vart helst bruka naar bryna gjekk av eller var tunnslitne. Ein sette aldri horn paa nye bryne. Hornet var saa langt at det var passeleg handtak etter at brynet var fest.
- 12) Hadde ein ikkje "brynestokk", saa stakk ein brynet under beltet eller i baklumma. Brynestokken hekk fest til beltet, bak paa högre sida, slik at det var lett aa blöyte brynet under bryninga. Ein maatte daa naa han med brynet i högre handa.
- 13) Bryne av naturstein vart alltid fukta, og finaste bryneflata paa naturstein vert oftast fukta. Den grovaste bryneflata paa naturstein vert svert sjeldan fukta, og all fukting er med vatn eller sputt. Olje er ikkje bruka.
- 14) Mjölet som kjem fram under bryninga, kallast "brynegat" (eit) og "brynegatet"
- 15) Eg kjenner ikkje til at brynegat har vore bruka som midel mot ringorm eller andre sjukdomar, men at det har vore smurt paa kvefsestikk, truleg av mangel paa anna medisin i augneblinken.

III.

- 16) Brynesverte som middel mot hald eller styng er og ukjent.
- 17) Likeeins er det ukjent at brynet skulle verte betre av aa liggje i maurtuve eller i jorda.
- 18) Det hende at borna hermede etter ei sermerkt bryning, serleg om det var ein lat ein som helst ville faa tida til aa gaa. Etter ein slik som ~~sik~~ drog brynet att og fram paa framsida to dubbeldrag og saa gav brynet ein klafs under, vart det hermt: "Kittekia ~~ka~~, kittekia ~~ka~~." Om ein anna vart det sagt at han slo ein teig i regnver, og brynte 14 dagar under same björka. Han stod der i livd for regnet under bryninga og slo ikkje meir enn at han kunne gaa dit for kvar bryning.
- 19) Naar det var hardbeitt og ein möddest med bryninga, kom det ofte eit hardt "Tvi4" naar ein spytta paa brynet, men det var ikkje tenkt som "middel".
- 20) Viser eller ramser i samband med bryninga er ukjende. Men det var eit vanleg uttrykk naar det var sol og ein ikkje hadde brynestokk: "Det lukta moldkrede av brynet idag."

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

364

(1) ...
...
...

(2) ...
...
...

(3) ...
...
...

384